

**KUNNSKAPSDEPARTEMENTET**

Postboks 8119 DEP

0032 OSLO

Vår dato: 19.01.2017

Vår ref: 2016/796 - 578/2017 / A10

Dykkar ref:

## **Administrativ handsaming**

### **Tilbakemelding på høyring - framlegg til ny forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver**

#### **Saka er handsama som saksnr DS 2/17**

Sidan tidspunktet for høyringa er 20. januar let det seg ikkje å få handsama denne saka politisk. Av den grunn vert høyringsuttalen handsama administrativt.

#### **Uttale frå Fitjar kommune:**

Det er positivt at kunnskapsdepartementet sender framlegg til ny rammeplan for barnehagens oppgåver og innhald ut på høyring. Dette vert eit viktig dokument som barnehagane skal arbeida etter i mange år framover. Fitjar kommune ynskjer å kommentera følgjande i planutkastet:

#### **Overgang barnehage – skule**

- Her kjem eit bør som må erstattast med skal. Barnehage og skule skal...
- Gjensidig ansvar for barnehage og skule i den nye rammeplanen, men lovverk for skule seier ikkje det same. Her må ein få ei presisering i lovverket for skule slik at desse samsvarar.
- Er skulen førebudd på dei barna som kjem frå barnehagen med alle dei måla ein har for kva barna skal kunne? Ein del skuleverk er ikkje ihht til barnehagens målsettingar, og dermed kjem barna med meir kunnskap enn det skulen legg opp til. Kva gjer dette med lærelyst?

#### **Generelt**

- Flott at rammeplanen er kortare og meir konkret. Klare føringar på innhald er positivt. Men dette krev bemanning og opplæring, og ein ny bemanningsnorm må syna den nye rammeplanen for barnehagar si tenking. Skal ein kunne gjennomføra dette må bemanninga vera på plass, og ikkje berre ei norm, men som ein lov!
- Me krev at rammeplanen vil vera på bokmål og nynorsk på same tid.
- Som styringsdokument ser barnehagemynde at kommunen kunne hatt meir styringsrett om lokale kompetansehevingstiltak og satstingar. Det er utfordrande å koma i posisjon med dei private aktørane, og i høve til dømes sosial utjamning, høg del spesialpedagogisk hjelp i barnehage og skule, og systematisk kompetanseheving av personale, kollegarettleing mellom barnehagar og utstrekt samarbeid mellom barnehagane og skulane.

- Ein ser også at dei private aktørane har gode system for drift og kompetanseheving, men at dei også må delta i dialog lokalt slik at ein kan utvikla barnehagane i tråd med lokale føresetnader.
- Positivt at ein gjev ei plikt om førebygging, avdekking og handtering av mobbing.
- Støtte og rettleiingsmateriell er ønska, og at dette kjem så raskt som mogleg. Men også at rammeplanen er så tydeleg at ein ikkje treng for mykje rettleiingsmateriell i tillegg til innhaldet i rammeplanen.
- Barnehagepersonell driva førebyggjande arbeid og oppdage mobbing, seksuelle overgrep, vald og omsorgssvikt. Her er det behov for kompetanseheving, spesielt på seksuelle overgrep, vald og omsorgssvikt. Kva er førebygging i barnehagen? Skal ein driva med foreldrerettleiing?
- På side 20 står det lite om dei barna som treng ekstra støtte. Kan ein skrive noko meir om dei?

### **Rammeplan som forskrift til Lov om barnehager**

- Positivt at det er eit tydeleg styringsdokument, med klare krav til innhald, men likevel rom for tilpassing i den enkelte barnehage.
- Positive til endringar frå bør til skal, men vil dette vera for styrande og ikkje gje dei metodefridom?
- Ynskjer å sjå lovtekst / barnehagelova tydelegare der ein viser til lova. Gjerne berre eit avsnitt eller ei setning. Dette for å vise samanhengen mellom rammeplan og barnehagelova.

### **Rammeplan som verktøy ved tilsyn og rettleiing**

- Positivt at ein får fram rettar og pliktar
- Tydeleg rammeplan gjer tydelege retningslinjer for korleis ein skal driva ein barnehage ihht til barnehagelova. Men er føresetnadene til stades i barnehagane for å gjera dette?
- Tilsyn vil vera enklare med tydelege krav til drift og mindre rom for tolkingar.
- Lovbrot vil enklare avdekkast og pålegg kan gjevast.
- Ein ser at dette mogleg vil gje meir rettferdig tilsynspraksis grunna mindre synsing.

### **Årsplan**

- Bra at årsplanen er omtala, men det er lite krav til kva ein årsplan skal innehalde. Her bør ein koma med meir konkrete punkt på kva ein årsplan skal innehalde, samla i same avsnitt som omtale om årsplanen
- Tydelege krav til innhald i årsplanen vil gje betre innfallsvinkel til rettleiing og tilsyn av årsplanen.

### **Ansvar**

- Ein ser ei tydeleg føring på fordeling av ansvar, det er bra. Sikrar eit godt kvalitetsmessig barnehagetilbod.
- Ansvar har samheng med barnehagelova.
- Viktig at det ikkje er grunnlag for synsing. Barnehageeigars lokale tilpassing av rammeplanen må koma fram av barnehagens sine vedtekter. Då vil det vera enklare for foreldre, tilsette og barnehagemynde å vita kva vektlegging barnehagen har i sitt arbeid.
- Viktig å få fram omtale av skilnaden mellom barnehagelærar og pedagogisk leiar sine oppgåver.
- Kva for ansvar har fagarbeiderane? Er dei gløymt?

### **Samarbeid heim – barnehage**

- Meir konkret om korleis foreldre skal ha påverknad på barnehagen si drift. Her bør ein koma med ei konkretisering.

## **Vurdering**

- Ny rammeplan viser til jamnleg vurdering. Kva definerer ein som jamnleg?
- Korleis ein skal vurdera bør vera tydeleg konkretisert og ikkje gje rom for tolking.

## **Dokumentasjon**

- Kva er dokumentasjon og kva er pedagogisk dokumentasjon? Barnehagane skil på desse to omgrepa, og det bør rammeplanen også gjera. Mange barnehagar er usikre på kva pedagogisk dokumentasjon er, sjølv om dei nyttar det i kvardagen.
- Refleksjon er grunnleggjande i planlegging, dokumentasjon og vurdering, her treng ein ei konkretisering.
- Det bør stå heilt konkret i dokumentet at barnehagen skal vera ein lærande organisasjon.
- Korleis skal ein nytta dokumentasjon for å vera ein lærande organisasjon? Her treng ein konkretiseringar.

Atle Tornes  
rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur.*